

# Fjågesund Posten

Nr. 2 mai 2016

## INFORMASJONSMØTE OM KOMMUNESAMANSLÅING

**Onsdag 27. april kl. 19.00**

på Fjågesund grendehus. Fylkesmannen i Telemark vil møte og orientere om kommunereforma. Forhandlingsutvalet og lokale politikarar vil delta.



## VENNER / VENNERS FEST! NO PROBLEM

**Fredag 29. april** på Fjågesund grendehus

Kl 20.00 servering av kaffe og kake


Kl 22.00 til 01.00 spelar NO PROBLEM til dans

Fjågesund IL sel pølser og brus

Påmelding til Tor Østenå på sms 911 64 394

innan onsdag 27. april

Inngang kr. 250,- inkl. kaffe og kake



## DUGNAD RUNDT KYRKJA

**Mondag 2. mai kl. 17.00.** Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v.

## DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

**Tysdag 3. og onsdag 4. mai kl. 17.30.** Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.

# 17. MAI I FJÅGESUND



Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Gudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje. Ofrr. til Kirkens SOS Telemark

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering
- Premieutdeling for skikarusell og bok på Hyvre

Arr. Fjågesund grendehuslag



## M/S HENRIK IBSEN

kjem **fredag 20 mai.**

Båten passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.20.

## M/S VICTORIA

kjem **laurdag 21. mai**, og vi oppmodar alle til å helse dei velkomen desse dagane! Båten passerar Fjågesundbryggja ca. kl 15.10.



## KONFIRMASJONGUDSTENESTE

**Sondag 22. mai kl. 11.00.** Konfirmanten i år er Malin Teigen. Ofrr. til Sjømannskyrkja.

# TELEMARKS KANALRITTET

Laurdag 28. mai.

Dalen – Lunde: 100 km for aktive turryttarar og mosjonistar. Kviteseid – Lunde: 55 km for mosjonistar. Rundløype: 24 km Lunde – Flåbygd – Lunde trim for familien.

Matstasjon ved krysset til Fjågesundbrua.



## IDRETTSMERKETAKING

Onsdag 1. juni kl. 18.00.

på grendehusplassen. Værratterhald.

## TUR TIL NÆRING

Sondag 5. juni. Vi møtas på grendehusplassen kl 15.00, og køyrer samla til bommen. Ta med niste. Værratterhald. Kontaktperson Odd G. 90940585.

Arr.: Fjågesund IL

## 100-ÅRS JUBILEUM

Fjågesund kyrkje laurdag 18. juni.

- Kl 12.00 jubileumsmesse
- Kl 14.00 fest på Fjågesund grendehus med bevertning, helsingar, song og musikk. Biskop Stein Reinertsen, prost og prestar kjem. Høve til å ta M/S Henrik Ibsen til Fjågesund frå Spjotsodd kl. 10.15. Spesialpris.



Prosesjon på innvielsesdagen 1916



# SJØORMLØPET

**Laurdag 25. juni kl 10.00** frå dyrskuplassen.

Køyretøya kjem innom Fjågesund grendehus, her blir det matsal og mykje fint å sjå på.

Løypetrasè: Seljord - Kviteseid bygdetun - Fjågesund grendehus - Grova - Steane - Straand hotell Vrådal. Alle som har registrerte køyretøy eldre enn 30 år er velkomne til å delta. Postar med oppgaver undervegs.



## NASJONAL INNSAMLING AV BRUKA MOBILAR I DI BYGD

Nå kan du vere med på eit lyft for miljøet og for Fjågesund idrettslag! Me kjem rundt med ein tydeleg merka og spesialdesigna pose for innsamling av mobilar, slik at du kan vere trygg på at din mobil vert håndtera på ein forsvarleg måte. Nærare informasjon kjem i postkassa di om ikkje lenge.

Brukt mobil –  
nye muligheter



## LOPPEMARKNAD I HAUST!

For 3. gong på rad vil idrettslaget freiste å skippe til eit loppemarknad på grendehuset. Det visar seg at dette er eit veldig populært arrangement, også for langvegsfarande folk. Du har nå sjansen til å bli kvitt ting du ikkje brukar lenger, men som kan ha verdi for andre. Dato for levering av lopper vert annonsera seinare.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)

Fjågesund IL er på Facebook